



MØTEINNKALLING

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 19.10.2023
Møtetid: Kl. 08:30
Møtestad: Kommunehuset – Kommunestyresalen

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet må meldast snarast råd til servicesenteret (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

Me ber om at alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker på sakslista melder frå om dette til servicesenteret.

Knut Harald Frøland
ordfører

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
082/2023	23/837	Godkjenning av innkalling og sakliste	
083/2023	23/837	Faste saker	
084/2023	23/402	Tertialrapport økonomi og sjukefråvær pr. august 2023	
085/2023	23/402	Finansrapportering 2. tertial 2023	
086/2023	19/280	Høyring av konseptvalutgreiing E134 arm til Bergen	
087/2023	18/1050	Vedtak av renovasjonsgebyr 2024	
088/2023	18/1086	Eventuell etablering av drivstoffanlegg ved Tyssekaien	
089/2023	18/1784	Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid mellom Bjørnafjorden kommune, Tysnes kommune og Samnanger kommune om felles interkommunalt landbrukskontor- Bjørnafjorden landbrukskontor	
1	20/25	Interpellasjon	
2	20/25	Interpellasjon	
3	20/25	Interpellasjon til kommunestyremøtet	
4	20/25	Interpellasjonar til kommunestyremøte 19.10.2023	



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 23/837	Løpenr: 23/10193
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	19.10.2023	082/2023

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Innkalling og sakliste vert godkjent.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 23/837	Løpenr: 23/10194
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	19.10.2023	083/2023

Faste saker

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Orienterings-/referatsaker vert tekne til orientering.

Oversikt over faste saker:

- Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.
- Orienterings-/referatsaker.
- Spørsmål og interpellasjonar.

**SAKSFRAMLEGG**

Sakshandsamar: Karl Viken	Arkivkode: FE-200, TI-&14
Arkivsaksnr: 23/402	Løpenr: 23/9132
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	05.10.2023	060/2023
Kommunestyret	19.10.2023	084/2023

Tertialrapport økonomi og sjukefråvær pr. august 2023**05.10.2023 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Framlegget til rådmannen vart samrøystes vedteke.

FORM- 060/2023 Vedtak:

1. Økonomirapportering pr. 2. tertial 2023 vert tatt til orientering.
2. Rådmannen gjer ikkje framlegg om endringar i driftsbudsjettet pr. 2. tertial 2023.
3. Følgjande budsjettendringar vert gjennomført i investeringsbudsjettet pr 2. tertial 2023.

Prosjektnr	Prosjektnamn	Utgift ned / Innt opp	Utg opp / Innt ned
	Samfunnsutvikling		
3320	Hagabakkane - utviding veg		980 000
3323	Hagabotnane, gangveg	249 000	
3321	Innkjøring Helsetun		171 000
3325	Pott vegvedlikehald		28 000
2653	Frøland-bygg kjøp/ tilrettel.		169 000
2659	Hus, Reistadliane 41		29 000
3810	Aktivitetsbasert hall		184 000
3812	Idrettsanlegget, brøyteutstyr		350 000
1300	Kommunehus ombyg./ vent.		480 000
3304	Pott forvaltning bygg	115 000	
3436	VA infrastruktur		750 000

	Opplæring		
2027	Elev-pc		19 000
	Totalt investering	364 000	3 160 000
	Finansiering		
	Momskompensasjon, alle prosjekt	671 000	
	Tilskot	-	
	Ubrukte lånemidler 2022 / lån 2023	2 125 000	
	Totalt finansiering	2 796 000	-
	Sum	3 160 000	3 160 000

Endringane i investeringsbudsjettet står meir om i saksutgreiinga. Rådmann vil i framlegginga av budsjett 2024 og økonomiplan for 2024- 2027 tilpassa investeringsbudsjettet etter forbruket i 2023.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Økonomirapportering pr. 2. tertial 2023 vert tatt til orientering.
2. Rådmannen gjer ikkje framlegg om endringar i driftsbudsjettet pr. 2. tertial 2023.
3. Følgjande budsjettendringar vert gjennomført i investeringsbudsjettet pr 2. tertial 2023.

Prosjektnr	Prosjektnamn	Utgift ned / Innt opp	Utg opp / Innt ned
	Samfunnsutvikling		
3320	Hagabakkane - utviding veg		980 000
3323	Hagabotnane, gangveg	249 000	
3321	Innkjøring Helsetun		171 000
3325	Pott vegvedlikehald		28 000
2653	Frøland-bygg kjøp/ tilrettel.		169 000
2659	Hus, Reistadliane 41		29 000
3810	Aktivitetsbasert hall		184 000
3812	Idrettsanlegget, brøyteutstyr		350 000
1300	Kommunehus ombyg./ vent.		480 000
3304	Pott forvaltning bygg	115 000	
3436	VA infrastruktur		750 000
	Opplæring		
2027	Elev-pc		19 000
	Totalt investering	364 000	3 160 000
	Finansiering		
	Momskompensasjon, alle prosjekt	671 000	
	Tilskot	-	
	Ubrukte lånemidler 2022 / lån 2023	2 125 000	
	Totalt finansiering	2 796 000	-
	Sum	3 160 000	3 160 000

Endringane i investeringsbudsjettet står meir om i saksutgreiinga. Rådmann vil i framlegginga av budsjett 2024 og økonomiplan for 2024- 2027 tilpassa investeringsbudsjettet etter forbruket i 2023.

Dokument som er vedlagt:

Status oppfølging - AMU hausten 2022

Dokument som ikkje er vedlagt:

Reglement for finans- og gjeldsforvaltning for Samnanger kommune
Økonomireglement Samnanger kommune

Samandrag:

Det vert rapportert til kommunestyret på den økonomiske situasjonen pr august 2023. Forutan den økonomiske situasjonen pr. 2 tertial, vert det sett opp ein årsprognose for dei ulike områda og kommunen samla. Samla prognose for kommunen pr. august er eit budsjettmessig overskot for 2023 på 1 mill. kr.

Det vert i tillegg rapportert på status for vedtekne investeringsprosjekt pr. 2. tertial etter kva sektorane har rapportert inn. Det har vore eit større meirforbruk på investeringssida, og det gjer at ein ved 1. tertial måtte justera opp det totale investeringsbudsjettet for 2023, gjera reduserande tiltak og justere ned investeringsbudsjettet for 2024 og neste økonomiplanperiode. Del III inneheld nokre andre økonomimoment og ein kort oppsummering av årsprognosen. Del IV er ein gjennomgang av status for sjukefråvær pr 2. tertial. Vedlagt rapporten er det og ein status som går på einingane sin oppfølging av arbeidsmiljøundersøkinga.

Saksutgreiing:

Økonomirapporten er delt inn slik:

- Status drift 2023 pr. august, med årsprognose
- Status investeringsprosjekt 2023 pr. august, med årsprognose
- Andre økonomimoment og oppsummering, drift og investering
- Status Sjukefråvær pr august

- Vedlegg: Oppfølging av arbeidsmiljøundersøkinga.

I. Status drift 2023 pr. august, med årsprognose

Kommunen sin driftsøkonomi vert i gjennomgangen under delt inn i fire sektorområde; i tillegg til eit budsjettområde for felleskostnadar og fellesinntekter.

- Oppvekst
- Helse og omsorg
- Samfunnsutvikling
- Økonomi og organisasjon.
- Fellesinntekter og felleskostnadar.

Sektor Oppvekst

Fellesområde innanfor oppvekst

Dette budsjettområdet inneheld det som er av felleskostnader for heile sektoren eller kostnader som ligg utafor skule og barnehagar; kommunalsjef, skuleadministrasjon, barnehageadministrasjon, vaksenopplæring og privat barnehage. I delar av 2. tertial som det vert rapport for har rådmann fungert som sektorleiar, fram til ny kommunalsjef oppvekst var på plass 1. august.

Pr. august er forbruk noko lågare enn budsjett; om lag 0,3 mil. kr, men prognosen tilseier at forbruket vil jamne seg ut noko slik at budsjettområdet endar opp nær balanse. Det har vore, som nemnt over, ei innsparing på løn grunna ein vakanse som gjeld sektorleiar på nokre månadar. I tillegg er det ført noko kostnader på vaksenopplæring som gjeld flykningar, og desse vil det koma kompensasjon for. Elles inneheld årsprognosen mindre budsjettavvik på dei ulike postane i budsjettet.

Eining Vassloppa

Pr. august er det eit lite negativt avvik mellom rekneskap og budsjett på eininga; 23 000 kr i meirforbruk. Det er framleis noko usikkerheit i årsprognosen; mellom anna i lønsbudsjettet og på inntektssida. I august 2022 vart ein avdeling stengt, og i august 2023 vil barnehagen ha 34 born og 4 pedagogar. Elles vert det spart på kostnadssida, og freista å gjere positive tiltak på inntektssida. Pr. 2. tertial er prognosen for eininga er balanse, og førebels er det ikkje trong for tiltak.

Eining Dråpeslottet

Pr. august er det eit lite negativt avvik mellom rekneskap og budsjett på eininga; 0,5 mill. kr i meirforbruk. Barnehagen har innført ny organisering i 2023, og det vert arbeidd med å finne gode løysingar for å få ein smidigare drift i avdelingane. Dette gjev reduserte kostnader. Det er ein del fråvær, men eininga tek ikkje inn vikarar ved ein del tilfelle, og det gjev innsparing. Redusert foreldrebetaling gjev barnehagen ei mindreinntekt. Driftsbudsjettet er det god kontroll på, men det er lite å spare på den delen av eininga sitt budsjett. Eininga har kostnader ved flykningborn, men desse er venta at det vert kompensert for.

Pr. august melder eininga ein del moment som er usikre, og årsprognosen vert difor sett til eit mindre negativt budsjettavvik på 0,2 mill. kr med eit spenn i årsprognosen frå beste resultat lik -0,2 mill. kr til verste resultat lik -0,4 mill. kr.

Eining Samnanger barneskule

Samnanger barneskule har eit forbruk pr. august som er over budsjett. Årsaker til dette negative budsjettaviket er auka lønsutgifter grunna pedagogisk personale med høg kompetanse, dyrt lønsoppgjer, ekstrabehov og auka vikarkostnader. Skuleskyssen er pr. august innanfor det som er budsjettert på området. Skulen har noko ekstrakostnader til undervisning av born frå Ukraina, men dette får skulen kompensert med statlege midlar. Skulen sparar på det som er mogleg for å oppretthalde eit godt og lovpålagt tilbod. Det er positivt at sjukefråværet har gått ned, og det vert sett inn vikar når sjukdom inntreff.

Pr. april i tertialrapporten vart det vedteke ei styrking av skulen sitt budsjett med 1,2 mill. kr. Sjølv med denne auken så er det pr. august sannsynleg at skulen går mot eit meirforbruk i 2023. Årsprognosen vert eit negativt resultat på 0,7 mill. kr. I beste fall endar skulen opp kring balanse, og i verste fall eit enno større negativt resultat enn årsprognosen.

Eining Samnanger ungdomsskule

Rekneskapen pr. august syner eit meirforbruk, og prognosen slik det ser ut er at skulen endar

opp med eit meirforbruk. Moment som er med å generere meirforbruk er mellom anna at nye tilsette har høgare løn. Det vert gjort innsparingar mellom anna ved å utsetja diverse innkjøp. Pr. august i tertialrapporten vart det vedteke ei styrking av skulen sitt budsjett med 0,7 mill. kr. Sjølv med denne auken så er det pr. august sannsynleg at skulen går mot eit meirforbruk i 2023. Årsprognosen vert eit negativt resultat på 0,3 mill. kr, med eit spenn rundt prognosen på eit par hundre tusen.

Årsprognose Oppvekst:

Årsprognosen samla sett for sektoren pr. august, dersom ein tek med framlegg til budsjettstyrking til sektoren, vert sett til eit negativt resultat på 1,2 mill. kr; med eit spenn frå antatt beste resultat lik balanse til antatt dårlegaste resultat på 1,5 mill. kr i budsjettunderskot.

Sektor Helse og omsorg

Fellesområde Helse og omsorg

Fellesområde inneheld kostnader som dekker kommunalsjef- stillinga og nokre felles driftskostnader. Pr. august er det eit positivt budsjettavvik på 0,2 mill. kr, og dette dreier seg om mindreforbruk på posten for innkjøp av konsulenttenester. Det er venta at dette området vil enda opp rundt balanse.

Eining Helse

Denne eininga inneheld tenestene helsestasjon, jordmorteneste, legeteneste, fysioterapi og psykolog. Pr. august er det ein del budsjettavvik for denne eininga. For legetenestene ligg det an til å gå mot eit negativt budsjettavvik. Dei andre tenestene har mindre og til dels større budsjettmessige positive avvik etter to tredjedelar av året.

Årsaker til meirforbruket for legetenestene er fleire, og det er usikkerheit rundt fleire moment på dette budsjettansvaret. Ny avtale om legevaktordning ligg an til å verte dyrare enn noverande avtalen.

Slik stoda for eininga ligg an pr. august vert årsprognosen balanse med eit spenn på 0,2 mill. kr til -0,2 som spenn mellom beste og verst resultat. Det er difor ikkje trong for tiltak.

Eining Pleie og omsorg

Rekneskapan syner at rekneskap og budsjett er om lag i balanse pr august. Årsprognosen etter 2/3- del av året er lik eit balanse. Spennet mellom verste og dårlegaste resultat ved årets slutt vert sett frå balanse til 1,5 mill. kr i overskot.

For ansvaret funksjonshemma er det pr. 2. tertial eit negativt budsjettavvik som vil verte periodisert vekk, slik at rekneskap og budsjett vil samsvare meir ved årets slutt.

Sal av sjukeheims plassar vil påverka resultatet for eininga; i og med at det ikkje er ein budsjettert storleik. Det er venta ei inntekt på 1,0 mill. kr i 2023 totalt på sal av sjukeheims plassar.

Eining Livsmeistring

Eininga består av barnevern, PPT og Nav- kontor. Samla sett er det for desse områda kontroll på økonomien.

På barnevernsområdet syner rekneskapan pr. april eit mindreforbruk på 0,2 mill. kr. Moment er at det har vore ein del vakanse fordi tilsetjing har skjedd noko seinare enn planlagt. Alt i alt har kostnadsbilete endra seg mykje på kort tid i løpet av 2. kvartal. Dette er mellom anna grunna i billegare plasseringar av barnevernsborn og utfasing av utstrakt konsulentbruk. Dette gjer at

eininga går mot balanse i rekneskapen for 2023. Etter tilsetjing av ny barnevernsleiar får ein også innsparing fordi avdelinga kan ta gjere fleire av oppgåvene på feltet sjølv. Naudsynt bistand frå advokat er også vorte redusert.

For NAV i Samnanger er det no høgare kostnader knyt til ytingar til livsopphald. Del av kostnadsauken skuldast også fleire sosiale vedtak i samband med mottak av flyktningar. Det er langt fleire som no mottok sosialhjelp enn i 2022. Det er utbetalt over 1 mill. kr pr august i sosialhjelp, medan det på same tid i 2022 var utbetalt halvparten; 0,5 mill. kr.

For PPT er det eit positivt budsjettavvik pr. august. Grunna vakanse og refusjon går dette budsjettområdet mot eit positivt budsjettavvik.

Samla går livsmeistring mot eit resultat på slutten av året som er lik balanse eller eit positivt avvik. Nærare årsprognose er å koma attende til i rapportering pr. oktober.

Årsprognose Helse og omsorg:

Med momenta over summert opp melder kommunalsjef Helse og omsorg at årsprognosen for pr. 2. tertial er at sektoren styrer mot eit positivt resultat på 1,0 mill. kr; med eit spenn frå antatt beste resultat på 1,5 mill. kr til antatt dårlegaste resultat lik balanse mellom rekneskap og budsjett.

Sektor Samfunnsutvikling

Felles samfunnsutvikling

Dette området rommar budsjettområda næringsføremål landbruk og beredskap. I tillegg ligg løn og kostnader kring kommunalsjef på dette ansvaret. Dette ansvaret vert delvis finansiert ved hjelp av næringsfondet. Årsprognosen pr. august for dette området er balanse.

Eining Teknisk Drift

Økonomien til eininga rommar Vatn- og avløyp, Eigedomsforvaltning, veg, kai, parkering og reinhald. Pr. august syner rekneskapen eit større negativt avvik. Eininga arbeider for at årsprognosen for 2023 ikkje medfører eit betydeleg avvik mellom forbruk og budsjett i 2023.

Når det gjeld sjølvkostområdet så er inntektene som ligg inne på Vatn og avløyp under det som er budsjettet, men VA er i balanse pr 2. tertial. I løpet av 2023 skal ein arbeide med å kople på nye abonnentar som igjen vil gje kommunen nye inntekter, og bidra positivt til økonomien på sjølvkostområdet. Det vil og vere fokus på kostnadskontroll, og ein styrer mot at eit minst mogleg negativt resultat ved årets slutt.

For eigedom, veg, kai og reinhald vert det arbeidd for balanse ved årets slutt. Behova i tenestene er vanskeleg å klara innanfor rammene.

Årsprognosen for eininga vert sett til balanse. Spennet mellom beste resultat og verste resultat vert sett til 0,5 mill. kr i budsjettunderskot og 0,5 mill. kr i budsjettunderskot.

Eining Teknisk Forvaltning

Denne eininga inneheld budsjett til drift av eininga, forvaltning av kommunale bustadar, planarbeid, beredskap, miljø og landbruk.

Rekneskapen pr. april syner eit positivt budsjettavvik. Dette er ikkje reelt, og dreier seg om periodisering av inntekter. Meirforbruket samla sett for eininga er på i underkant av 0,1 mill. kr. Økonomikapittelet beredskap er prega av meirforbruk på brann, og dette er og orsaka til at eininga og sektoren melder om eit negativt resultat ved årets slutt. Meirforbruket er stipulert til 1,2 mill. kr. Dei andre ansvara har i sum mindreforbruk, i hovudsak grunna vakansar. Samla årsprognose for eininga vert då 1 mill. kr i negativt resultat.

Årsprognose Samfunnsutvikling:

Årsprognosen samla sett for sektoren pr. august vert sett til eit negativt budsjettavvik på 1 mill. kr; med eit spenn frå antatt beste resultat lik -0,5 mill. kr til antatt dårlegaste resultat lik eit negativt budsjettavvik på 1,5 mill. kr.

Sektor Økonomi og organisasjon

Stabsfunksjonane Økonomi, HR og juridiske tenester

For økonomiavdelinga syner rekneskapen eit meirforbruk på 170 000 kr. Av dette meirforbruket er ein stor del av dette på felles- IKT, og dette er rekneskapsavvik som vil jamne seg ut og verte redusert i løpet av siste kvartal. I tillegg er det eit generelt nedtrekk på sektoren som førebels er lagt på økonomikontoret, og som ikkje er fullt ut effektuert. For økonomikontoret har ein redusert ein del på overtidskostnadar samanlikna med tidlegare år kor ein hadde vakanse og nyttilsetjing ved kontoret. Det er forventa at det vert balanse i rekneskapen ved årets slutt, og i verste eit mindre negativt avvik grunna det generelle nedtrekket for heile sektoren som er lagt på avdelinga.

For HR syner tala pr. august balanse i rekneskapen. Det er nokre mindre avvik for både løn og driftskostnadar. Overtidsbruken og vikarbruken er ein del over budsjettert nivå grunna sjukefråvær og manglande bemanning sidan midten av januar. Det er og eit ikkje- budsjettert meirforbruk som gjeld utarbeiding av kompetanseplanen. Dersom ein reknar inn manglande sjukerefusjon og mindreforbruk på kurs- opplæringsmiddelpotten, så er årsprognosen pr. august at ein vil koma i balanse på slutten av året.

Juridiske tenester vil resten av året generere positivt budsjettavvik, i og med at stilling som juridisk rådgjevar vert ståande vakant ut året. Det er elles ikkje venta at kommunen vil ha store løypande kostnadar på området.

For stabsfunksjonane er det samla sett balanse etter to tredjedelar av året. Spennet mellom beste resultat for 2023 og verste er sett mellom 0,2 mill. kr i pluss og 0,2 mill. kr i negativt avvik.

Eining Kultur, idrett og folkehelse

Pr. august syner rekneskapen eit budsjettmessig overskot på 0,3 mill. kr. Dette er eit periodevis avvik som vil verta redusert gjennom året. For denne eininga går mesteparten av budsjettet til faste lønnskostnadar, og det er utover faste aktivitetar ikkje stort økonomisk handlingsrom. På inntektssida er bruken av fondsmidlar viktig for ulike tiltak og aktivitetar på kulturområdet. Eit moment som utfordrar budsjetttramma til eininga er at lønsnivået i kulturskulen har gått nokok opp, og at talet på kulturskule- elvar og har auka. Årsprognosen er eit mindre negativt resultat på slutten av året. I beste fall endar resultatet på balanse og i verste fall - 0,3 mill. kr. Det for resten av 2023 og 2024 gjort tiltak som skal justera forbruket ned.

Flyktningskontor

Rekneskapen til flyktningstenesta ligg an til å gå med eit mindre budsjettmessig overskot i 2023. Mest avgjerande i høve til resultatet er omfanget av sosialhjelp til flyktningar, og behov for ekstra språkstøtte/ tiltak i skulen. Det er usikkert kor mykje dei nye flyktingane som kjem, vil ha behov for hjelp.

Det er teke høgde for at det vil koma fleire flyktningar til Samnanger i 2023. Det vart i kommunestyret 15. september opna opp for at kommunen kan ta i mot 15 nye flyktningar; dette i tillegg til 15 som allereie er kome. Kostnadane vil med det gå opp, men desse vil verta finansiert av ekstra statlege inntekter. Det viktigaste er at kommunen har ei teneste som gjev

flyktningane gode tenester.

Avdeling Service, Arkiv IKT og Politikk

Desse budsjettområda har samla sett tilnærma balanse mellom rekneskap og budsjett pr. august, og det er særleg god kontroll på dei ulike områda. Det er ingen særskilte moment i drifta som ikkje er budsjetttert som bør trekkjast fram. Årsprognosen pr. august vert balanse. Usikkerheitsmoment er IKT- delen av budsjettet som dekkjer Samnanger sin del av IKTN sine kostnader. Særskilt meirkostnader som gjeld system som kommunen kjøper som ikkje er budsjetttert i 2023.

Årsprognose Økonomi og organisasjon:

Summert opp stoda pr. august for heile økonomi og organisasjon så vert årsprognosen for sektoren eit negativt resultat nært balanse, 0,2 mill. kr. Spennet mellom antatt beste og dårlegaste resultat er mellom 0,5 og -0,5 mill. kr.

Rådmann

Rådmannskapet

Innunder dette kapitlet i budsjettet høyrer kostnader kring rådmann, leiande rådgjevar og næringskonsulent. Pr. august er det eit relativt stort overforbruk på om lag 1,2 mill. kr. Heile avviket gjeld avslutta rettsak i fyrste del av 2023, og for desse kostnadane vil det koma ei inntekt på slutten av året. Årsprognosen pr. august vert balanse, i verste fall 0,5 mill. kr dårlegare enn budsjett eller balanse som beste resultat.

Fellesområde utanom tenestene: Fellesinntekter- kostnader

Skatt

Pr. april er skatteinntektene som kjem frå inntekt og formue 4,0 mill. kr høgare enn budsjett 2023. Dette er likevel noko lågare; 1,5 mill. kr, enn skatteinngangen på same tid i fjor. Når det gjeld utjamninga av skatt mellom kommunar så er den pr. august litt over budsjetttert; 0,2 mill. kr. Pr. august hadde Samnanger om lag 84 % av gjennomsnittleg skatteinngang for alle kommunar i landet, medan det i budsjettet er lagt til grunn noko lågare skatteinngang; 86 %. Det gjer at er skattekapitlet er vel 4 mill. kr over budsjett pr. august. Skatteinngangen for kommunen og landet er konjunkturavhengig, og det er usikkerheit knyt til utvikling for resten av året.

Det er ikkje vesentlege avvik på eigedomskatt på næring, kraftanlegg, hytter og hus i høve til budsjett.

Det er venta at skatteprognosen vil kunne endre seg ein del dei neste månadane, men ein legg no til grunn signala i revidert nasjonalbudsjett. Årsprognosen for dette området vert difor ein prognose på eit positiv budsjettavvik på 3 mill. kr. Spennet mellom verste og beste resultat i 2023 er mellom balanse og 5 mill. kr i budsjettoverskot.

Rammetilskot og Ukraina

Budsjett for rammetilskot vart laga etter tal frå departementet, og det er ingen avvik eller endringar på pr. august. Utover dette vart det i revidert nasjonalbudsjett i mai vart det varsla eit noko betre rammetilskot for kommunane i 2023. Dette vert rekna til om lag 1 mill. kr for Samanger, og dette vert teke høgde for i årsprognosen for kommunen.

Kommunen fører jamleg kostnader som gjeld flyktningar frå Ukraina i rekneskapen, og

kommunen får tilskot for frå statleg hald som skal kompensere for integreringskostnadane. Kommunen har til no i år fått samla 7,8 mill. kr i tilskot. Kostnadane ved flyktingane så langt i år har vore ein del lågare, slik at økonomien på dette området er i balanse.

Rente- og avdrag

Rente

Det er gjennomført fleire rentehevingar så langt i år, og Norges bank har auka styringsrenta frå 0,5 % til 4,25 % i 2022 og 2023. Ved rapportering pr. 1. tertial var renta 1 % lågare enn no. Det vart varsla at det kan koma fleire rentehevingar etter siste som kom 21. september. Det gjer at rentenivået på kommunale lån sjølv sagt og går opp, og med det vert det usikkert om rentehevinga som er teke høgde for i budsjettet for 2023 held. Pr. 2. tertial 2023 er det betalt om lag 1,2 mill. kr meir i renter enn pr. 2. tertial 2022. Samstundes vart budsjettet for rentekostnadar auka med over 2 mill. kr i 2023. Kommunen har ein stor del av gjeldsporteføljen sikra mot renteoppgang; ved bruk av fastrenteavtalar. Gjennomsnittleg gjeldsrente for kommunen i 2023 ligg pr. 2. tertial an til å verte i underkant av 3 % (2,94 %). Det vert synt til finansrapport pr. 2 tertial for meir informasjon.

Årsprognosen pr. 1. tertial var samsvar mellom rekneskap og budsjett på rentekapittelet. Pr. 2 er vurderinga framleis at det ikkje vert stort budsjettavvik for året, og at prognosen difor framleis er balanse.

Avdrag

Det er budsjettert med 10,2 mill. kr i avdrag på kommunale lån i 2023. Det vert teke opp meir lån i 2023 enn budsjettert grunna meirbehov på investeringssida i økonomien, men avdraga i 2023 vil likevel ikkje overstige budsjettert nivå.

Konsesjonskraft

Samnanger kommune har hatt ein prisstrategi på sal av konsesjonskraft som skal sikre ei god inntekt når marknaden er høg, samstundes skal ein behalde mest mogleg av inntektsnivået når marknaden er på veg ned. Dette har så langt fungert særst godt. Dei åra det knapt var forteneeste, eller ingen forteneeste, på sal av konsesjonskraft grunna låg marknadspris, fekk likevel Samnanger kommune ei viktig inntekt. Krigen i Ukraina, generell rekordhøg trong for gass på kontinent, låge nivå på produksjon av fornybar energi i Europa, lite nedbør og snø i Sør-Norge og utanlandseksport av straum har etter kvart gjeve særst høge prisar og gode inntekter for kraftkommunar. 2021 var historisk sett eit godt år når det gjeld konsesjonskraftinntekter. I 2022 gjekk prisane til eit særst høgt nivå, medan det i 2023 har gått noko ned, men framleis er særst høgt.

Samnanger kommune har, gjennom Kinect Energy AS, klart å sikre heile kraftmengda si på eit høgt prisnivå. Prognosane for desse sikringane tilseier at kommunen vil nå opp mot, men ikkje heilt, opphavelig budsjettert nivå som var 31 mill. kr. Ved 1. tertial vart budsjettet justert ned til 28,5 mill. kr, og etter det er prisane og prognosane gått ned. Det gjer at årsprognosen no vert ei brutto inntekt på 25,9 mill. kr.

Pensjonsøkonomi

Pensjonskostnaden til kommunen er rekna utifrå føresetnadar som vart sett i 2022. Nivået på lønsoppgjering er ein viktig føresetnad; det same er G- regulering. Begge desse faktorane ligg an til å verte høgare i 2023 enn i 2022. I tillegg er avkastninga på pensjonsmidlane lågare enn det som ein tidlegare har forventa. Dersom ein samanliknar dei endra prognosane for 2023 med det som er lagt inn i budsjett, så ligg pensjonskostnaden an til å verte om lag 3,0 mill. kr høgare enn budsjettert.

Felles budsjettområdet - andre moment

Dei andre områda som gjeld felleskostnadar- og fellesinntekter er det pr. 2. tertial ikkje informasjon som tilseier vesentlege avvik mellom rekneskap og budsjett.

Årsprognose fellesinntekter og felleskostnadar

Summert opp stoda pr. august for alle fellesområda utanom tenestene så vert årsprognosen eit positivt resultat på 2 mill. kr. Med eit spenn mellom beste og dårlegaste resultat lik 4 mill. kr og -2 mill. kr.

Tabell årsprognose Samnanger kommune

Tabell under summer opp årsprognose for 2023 for kommunen pr. august.

Samla årsprognose pr. august for drifta til kommunen vert eit budsjettmessig overskot på 1,0 mill. kr. Samla sett, og på dei fleste område er det god kontroll, men dersom det er årsprognosen som vert det faktiske resultatet så er dette eit svakt resultat med tanke på alle lokale inntekter som ligg inne i budsjettet. Fellesinntekter og felleskostnadar ligg an til eit mindre budsjettavvik enn siste år, og det igjen kjem som nemnt av at konsesjonskraftinntektene er budsjettert inn i drifta i 2023. I tillegg ser skatteinngangen også ut til å verte bra i 2023.

Det er eit stort spenn i årsprognosen på 11,5 mill. kr, så det er framleis ein del usikkerheit før siste tertial av året. Det beste anslaget er eit budsjettoverskot på 5,5 mill. kr, og verste er eit budsjettunderskot på 6 mill. kr ved årets slutt.

Risikovurdering årsprognose

Det er framleis noko uvisse kring fleire område, og korleis tala skal ende opp ved årets slutt. Det er framleis 1/3- del av året igjen, og fleire av områda det vert rapport på inneheld førebels berre juli- tal. Det er likevel viktig å gje ein peikepinn på korleis stoda er, og best mogleg anslag på kommunen sitt årsresultat. Følgjande særskilte risikomoment inneber ei nedside, og kan gje eit dårlegare resultat for kommunen enn det årsprognosen pr. 2. tertial skulle tilseia;

- Dersom einingane samla får ein dårleg trend på slutten av året, og det samla for einingane og tenestene vert enno større negativ drift enn det er i dag. Det er pt. ei negativ samla drift for einingane på om lag 0,5 mill. kr.
- Det ligg ikkje an til at konsesjonskraftinntektene skal gje veldig store avvik i budsjettet i 2023. Det er fordi denne ligg inne med eit høgt beløp, og fordi kommunen har solgt 100 % av kraftmengda allereie. Dersom kraftprisane går vesentleg ned, så er kontraktane kommunen har, likevel gje ein noko mindre verdi.
- Med ein del lånegjeld er rentekapittelet viktig å ha kontroll på. Styringsrenta er heva frå 0,5 % til 4,25 % i løpet av 2022 og 2023, og denne skal truleg noko meir opp på slutten av 2023.

Dette gjev utsikter til at stigande lånekostnader som resultat. Dette er eit viktig moment i den finansielle risikovurderinga.

- Juridiske tenester er eit område der kommunen ber store kostnadar som er vanskeleg å budsjettere for. Veldig få rettsaker kan utløyse store kostnadar for kommunen. Dersom det kjem nye saker eller at pågåande saker eskalerer vil det gje kunne gje store kostnadar. Kommunen bør frå ein økonomisk vinkel freiste å avgrense trong for ekstern juridisk bistand.
- Sal av sjukeheimsplassar gjev i 2023 ei større meirinntekt innan pleie og omsorg som ikkje er

budsjettet. Omfang på sal av plassar, dersom det er ledig kapasitet, vil gje ein god meirinntekt til eininga.

II. Status investeringsprosjekt 2023 pr. august, med årsprognose

Rapporteringa under tek for seg dei ulike investeringsprosjekta som er vedteke i budsjettet, og som skal ha framdrift i 2023. Under er ein tabell som summerer rapporteringa som er gjort pr. august. Kommunalsjef for samfunnsutvikling har rapportert for sine prosjekt; alle utanom eitt i tabellen. Prosjektet nedst, elev- pc, er eit prosjekt innan Oppvekst der IKT- konsulent på service- senter har rapportert tala.

Budsjettreguleringar investering

Under er eit oppsummerande oppsett på budsjettreguleringane i saka som gjeld investering på bakgrunn av det som er rapportert til rådmann på dei ulike pågåande og avslutta investeringsprosjekta til kommunen pr. august.

Sektor Samfunnsutvikling

Oppsummert endringar investeringsprosjekt

Det vart gjort mange endringar i prosjekta pr. 1. tertial, og endringane samla sett var på knapt 17,5 mill. kr. Pr. 2 tertial vert det gjort langt mindre endringar i investeringsbudsjettet; samla sett 2,8 mill. kr. Dei reduserande tiltaka som vart gjort på mange prosjekt pr. 1. tertial gjeld framleis. Dette dreier seg om forskyvingar i tid og nedskalering på nokre område og prosjekt for å dempa investeringsnivået til kommunen.

Sektor Oppvekst

Elev- pc

Det er rapportert at for innkjøp av elev-pc'ar har ein fått ein høgare pris pr. pc. Talet på pc'ar som er planlagt å bytte ut, 62, er det same som tidlegare har lagt inne i estimata. Det gjorde at budsjettet på området måtte aukast frå 285 000 kr til 440 000 kr i 1. tertialrapport. No når innkjøpet er effektivt må budsjettet justerast etter faktisk pris. Budsjettet vert difor justert opp med 19 000 kr til 459 000 kr. Det har vore sett på som vanskeleg å utsetja kjøpet, eller delar av det, av di nokre av elev pc'ane som skal vart bytta ut ved innkjøpet var tett på 10 år gamle.

Andre Sektorar investering

Det er ikkje funnet trong for å endre budsjettet på andre investeringsprosjekt enn dei som er sett opp i oversikta over.

Rådmann kjem attende med ei vurdering av trong for endringar i investeringsbudsjettet på slutten av året; når økonomirapportering pr. oktober vert fremja i desember.

Tiltak for stagge investeringsnivået

Rådmann har innført investeringsrapportering anna kvar veke for å følgje opp eventuelle endringar i løypande forbruk på einskildprosjekt eller endring i totalprognosen. I

investeringsbudsjettet for 2023 er ein del av kronene på det opphævelege investeringsbudsjettet no stagga, og det må også gjerast også for 2024. Det vert lagt opp til eit investeringsbudsjett for 2024 på i storleiken kring 15 mill. kr – vel halvparten av det som har vore vanleg budsjettert årleg investeringsnivå i kommunen. Det vil bidra til at ein skal kunne koma på rett spor igjen, og igjen ha ein kontroll på investeringsnivået til kommunen.

Det er å registrera at det totale forbruket på investeringsprosjekt ikkje har gått opp vesentleg etter at ein byrja ei tettare rapportering på kommunen si investeringside. Siste månadane har faktisk årsprognosen samla sett gått ned, og det er rådmann særst nøgd med.

III. Andre økonomimoment 2023 og oppsummering

Utbytte Bir

Kommunen har fått utbytte for 2022 i rekneskapen for 2023. Dette utbytte reknar seg til 532 400 kr. I budsjettet har kommunen berre teke høgde for 220 000 kr.

Rapportering/ Framsikt

Det er ei god rapportering frå einingane som dannar grunnlag for denne tertialrapporten. Rådmannen har gjennom den administrative rapporteringa og påfølgjande oppfølgingsmøte med sektorleiarane kome fram til dei ulike årsprognosane. Neste rapporteringa frå einingane i 2023 vert utført i juni, og dette er ein administrativ rapportering. Rådmannen kjem attende med ein grundig rapport på økonomien i økonomirapport pr. oktober. Denne kjem til handsaming i den politiske møterunden i desember.

I 2023 er det lagt opp til 10 månadlege økonomirapporteringar administrativt frå einingar og avdelingar til rådmannen. I tillegg har rådmannen innført rapportering på investeringsprosjekta frå og med mai for å ha kontroll på investeringsida i kommunen.

Budsjettreguleringar drift

Rådmannen gjorde til dels mange og store budsjettendringar i rapportering pr. 1. tertial. Rådmannen vurderer at det pr. 2. tertial ikkje er naudsynt med endringar i driftsbudsjettet, og gjer med dette ingen framlegg til budsjettjusteringar i denne saka.

Oppsummering

Det vert etter 2. tertial 2023 meldt ein prognose som tilseier eit positivt budsjettavvik i rekneskapen ved utgangen av året på 1,0 mill. kr. Det er å påpeike at det er usikkerheit i prognosen – det er framleis ein del uavklarte moment i siste del av året. Resultatet kan i beste fall verte på 5,5 mill. kr i budsjettmessig overskot, og i verste fall vert resultatet eit underskot på 6 mill. kr. Vurderinga er at det er god kontroll på dei aller fleste område av driftsbudsjettet.

Etter ei rebudsjettering, slik det er gjort framlegg om i denne saka mellom fellesområda og sektorane, kan årsprognosen setjast slik opp på overordna måte:

mill. kr

I. Status sjukefråvær pr august

Sjukefråvær pr august

Under er ein sektorvis oppsummering og gjennomgang av rapporteringa på sjukefråvær i kommunen pr. august. Det er einingane/sectorane sjølv som har rapportert ulike moment knytt til sjukefråvær – kva som er status og kva tiltak som er sett i verk.

Ein sektor er ikkje med i denne rapporteringa; sektor for økonomi og organisasjon. For status på arbeidsmiljøundersøkinga er det berre NAV som ikkje har levert status.

Sektor for oppvekst – 9,63 % hittil i år

Vi har 0,00 % fråvær pr. idag i sektoren sentralt og vil jobbe for å oppretthalde null sjukefråvær. Kommunalsjef oppvekst og rådgjevar (tilsaman 1,5 årsverk) er avhengig av tett og godt samarbeid for å løyse oppgåver på området til det beste for einingane.

I alle einingane er det fokus på verdien av godt arbeid, trivsel og inkludering. På oppvekstområdet har vi eit samla sjukefråvær pr. august på 7,04 % og eit samla sjukefråvær på 9,63 % så langt i år.

Målet er å halde sjukefråværet nede til det beste for barn i barnehage og skule.

Barnehagane arbeidar mellom anna med «HelseIArbeid», eit program frå Nav for å redusere sjukefråvær. Fokus er godt arbeidsmiljø. Tilsette som er sjukmelde, er gode på å halda kontakt med arbeidsplassane sine. Dei som er i stand til å utføre enkelte arbeidsoppgåver sjølv om dei er sjukmelde, gjer det og rapporterer om dette til NAV.

Skulane har fokus på trivsel og godt arbeidsmiljø for dei tilsette. Det er jamlege møter om verdien av gode arbeidsmiljø og ein jobbar kontinuerleg med kultur. Einingsleiarane deltek på dialogmøter og følgjer opp langtissjukemelde med oppfølgingsplanar og direkte kontakt.

Dagleg oppfølging av tilsette er viktig og einingsleiarane har fokus på verdien av tilsette som jobbar godt ilag mot felles mål.

Å bygge laget rundt barnet krev nærvær av kompetente tilsette. Lågt sjukefråvær i einingane er til barnet sit beste og vi vil jobbe for lågt sjukefråvær også i fortsettinga.

Dråpeslottet barnehage – 12,89 % hittil i år

Status

Totalt fråvær august: 10,84 %

- Langtidsfråvær: 5,17 %
- Korttidsfråvær: 5,67 %

Totalt fråvær hittil i år: 12,89 %

- Langtidsfråvær: 7,80 %
- Korttidsfråvær: 5,09 %

Tiltak

Barnehagen arbeidar vidare med «HelseIArbeid», eit program frå Nav for å redusere sjukefråvær. Dette med fokus på godt arbeidsmiljø. Dei tilsette synes dette har vore bra. Det er fagpersonar som har mykje å tilføre kunnskapsmessig om det som omhandlar kroppen både psykisk og fysisk. Og dette igjen korleis alle tilsette ynskjer å ha det på arbeidsplassen. Alle må bidra. Konkrete tiltak er laga, og dei skal følgast opp både i medarbeidersamtalar og i ulike møter på arbeidsplassen. Det er laga handlingsplan etter arbeidsmiljøundersøking i kommunen, og den skal følgast opp på same møte fortløpande, i medarbeidersamtalar og i ulike møter på arbeidsplassen.

Korttidsfråvær er eigenmelding på vanleg sjukdom, samt nokre korte sjukemeldingar. I tillegg har me noko langtidsjukemelding. Me har pr august to langtidsjukemeldingar, der ein tilsett så godt som er tilbake.

Dører mellom avdelingane er ferdig og lettar samarbeidet på tvers av huset og avdelingane. Dette kan ha ein trivselseffekt og gje betre utnytting av personalressursane. Indirekte vil dette også ha

effekt på sjukefråværet. Dette vil kunne gjere det enklare fysisk/organisatorisk i barnhagen og lette kvardagen.

Vassloppa barnehage – 8,36 % hittil i år

Status

Sjukefråværet har gått ned.

Samla sjukefråværet hittil år er på **8,36 %**. Det er under gjennomsnittet for barnehagar på landsbasis, som i følge NAV er på **9,3 %**.

Langtidssjukefråværet hittil i år er på **5,19 %**.

Men frå 1.mai 2023 og fram til d.d, har me **0 %** langtids-sjukefråværet .

Kortidssjukefråværet hittil i år er på **3,18 %**.

Dette er mest knytt til koronafravær, anna luftvegsinfeksjon og litt grunna smittsom magevirus. I august var det på 5,91 % i kortidsfråværet. Det var sjukmelding av sjukehus/legevakt pga. ein veldig smittsam infeksjon. Behandlingstid på ei veke. Ein annan tilsett hadde ein planlagt behandling på sykehus, med rekonvalesenstid på ei veke.

Tiltak

Me jobbar aktivt med trivsel på arbeidsplassen og har det kjekt på jobb. Me er ein samansveisa gjeng, og gode på å inkludere vikarar og nyttilsette. Me har eit godt samarbeid og hjelper kvarandre.

I mars var me på restaurant Brasilia og brukte noko av velferdspengane me har fått.

I juni hadde me hagefest med tapas frå Bjørkheim kro og motell. I desember pleier me ha julebord/ juleavslutning.

Tilsette som er sjukmelde, er gode på og halda kontakt med arbeidsplassen. Dei kjem innom på besøk for å halde kontakt med barn og tilsette. Dersom dei er i stand til å utføre enkelte arbeidsoppgåver sjølv om dei er sjukmelde, gjer dei det, og melde det inn til NAV på søknad om sjukepengar. Kommunen sine retningslinjer for oppfølging av sjukmeldte vert følgt. Når tilsette vert sjuke, gjer dei alt for å koma tilbake i jobb så raskt som mogeleg.

Me har har regional kompetanseheving for alle tilsette i bruk av ASK i samarbeid med høgskulen.

Ein pedagog og to fagarbeidarar har i haust byrja på etterutdanning i fagfeltet spesialpedagogisk hjelp.

Samnanger barneskule – 12,01 % hittil i år

Status

Kortidsfråværet for august er på 0,53 %. Talet er lågt og kan nok og henge saman med at første arbeidsdag etter ferien var 14.08. Langtidsfråværet for august er omlag 6,5 %. Ikkje noko av fråværet er knytt til arbeidsmiljø.

Sjukemeldte som kjem i kategorien langtid, er knytt til muskelplager og graviditet. Me held kontakt med dei sjukmeldte gjennom dialog både på tlf og gjennom informasjon til dei.

Tiltak

Skulen har framleis fokus på trivsel og godt arbeidsmiljø for dei tilsette. Me har jamlege møter om korleis me ynskje ha det - og ein arbeider hardt for å skape den gode kulturen knytt til godt arbeidsmiljø. Me er opptekne av å ta ting opp, fort og raskt, i samtaler med tilsette, om det er noko som er vanskeleg/utfordrande. Einingsleiar deltek på dialogmøter og føl opp langtidsjukemeldte med oppfølgingsplaner og direkte kontakt.

August har starta bra, med omsyn til sjukefråværet. Dette håper me held fram.

Samnanger ungdomsskule – 3,51 % hittil i år

Status

Sjukefråværet på Samnanger ungdomsskule er på 3,51 % så langt i år. Sjukefråværet er på 5 % i august. Dette skuldast først og fremst ein ny langtidssjukemelding. Denne vil mest sannsynleg halde fram og gi samla auka sjukefråværet mot ca. 5 %.

Tiltak

Ved sidan av oppfølging av tilsette som har langtidssjukemelding, er den daglege oppfølginga av tilsette viktig. Det er ein travel kvardag for tilsette der ein møter utfordringar som krev mykje energi. Me jobbar godt ilag og prøver å hjelpe kvarandre støttande og delande. Me hadde ifjor ein fin felles

samling i Norheimsund der korona-takk-midlar finansierte opphaldet. Dette var svært positivt når ein kunne dele dei to dagane opp i fagaktivitetar og sosiale aktivitetar på kveldstid. Me har lyst til å få dette til, men økonomien ligg ikkje til rette for det. Kanskje kan me vurdere eit rimelegare tilbod som fjelltur ilag med eventuell overnatting i hytte.

Sektor for helse og omsorg – 11,5 % hittil i år

Stabilt nedadgåande sjukefråvær, litt lavare førre månad, som er forventa grunna sommar og ferieavvikling.

Eining for pleie og omsorg – 10,01 % hittil i år

Samnangerheimen og heimetenesta

Status

Samnangerheimen har eit sjukefråvær i august på 8,99 % og samla sjukefråvær er 9,39 % så langt i 2023.

Heimetenesta har eit sjukefråvær i august på 11,52 % og har eit samla sjukefråvær så lang i år på 14,53 %.

Eininga har flotte, dyktige tilsette som står på for pasientane i kommunen. Det er eit godt samhald blant tilsette og arbeidsmiljøet er godt. Eininga har full dekning av sjukepleiarar og har høg kompetanse. Me har fokus på kompetanseheving og tilsette får ta del i kurs og prosjekt.

Samnangerheimen og heimetenesta har integrerte tenester og må sjåast saman, sjølv om enkelte faggrupper kun jobbar inne på Samnangerheimen.

Samnangerheimen pleier dei dårlegaste og sterkt pleietrengjande pasientar og belastning for tilsette å stå i dette, kan være stor. Pasientane blir eldre og dei lever lenger med sine alvorlege sjukdommar. Mange tilsette opplever muskel og skjelett plager, men også den psykiske belastninga er større enn tidlegare. Stadig oftare opplever tilsette vold, trugslar og slag.

Eininga har gode ergonomiske prinsipp og jobbar tett på HMS arbeid, forebygging, undervisning og tilrettelegging. Me jobbar tett saman med tilsette, lege, NAV, ergo og fysioterapeut, verneombod for å yta best mogleg omsorg både for pasientane og tilsette.

Skottabakken er ny og har gode fasilitetar og eit stabilt personale. Tilsette har mange ulike oppgåver og får endring i arbeidsdagen. Mykje av arbeidet består i miljøtiltak og dette skaper helsefremming for bebuarar, men og tilsette.

Skottabakken bufellesskap

Status

Skottabakken har eit lavt sjukefråvær og for august er fråværet på 1,71 % og samla så langt i år er på 4,80 %.

Tiltak

Einingane har vore med i prosjekt, der tilsette har fått undervisning, kurs og vore med å skapa og gje innspel i arbeidsdagen sin.

Prosjekt ein har tatt del i:

- Ein bra dag på jobb:
Skal hjelpe dei som jobbar i eininga til å få bedre arbeidsflyt, meir motivasjon og mindre sykefravær. Stor fokus på arbeidsmiljø og tilsette kjem med innspel og tiltak.
- Ekspertbistand:
Tilsette blir følgt opp av BHT, lege, fysioterapeut, sjukepleiar
- Helse i arbeid:
Helsefremjande og førebyggjande kunnskapsformidling på arbeidsplassen og består av 3 moduler. Forankring og samarbeid med arbeidslivssenteret, ledelse, verneombod og tillitsvalte. I gjennomføringa har tilsette tatt del i undervisning, fått oppgåver, vore med å planlegge tiltak

gitt innspel til vidare arbeid.

Modulane består i:

1. Muskel og skjelett
2. Psykisk helse
3. Smertemeistring og arbeidsmiljø

Einingane følgjer sjukefråvær prosedyrar til kommunen og har dialogar, oppfølging, tiltak osv.

Det er stor fordel for tilsette på Samnangerheimen og hemetenesta å jobba integrert, då dei får avveksling i arbeidsdagane, då belastninga ikkje er så stor i heimetenesta.

Eininga har hatt fleire langtidssjukemeldte og tilrettelegging og tiltak har ikkje vore mogleg grunna sjukdom.

Eininga følgjer sjukefråvær prosedyrar til kommunen og har dialogar, oppfølging, tiltak osv.

Eining for helse – 13,56 % hittil i år

Helsestasjon, jordmor, psykolog, fysioterapeut

Status

Sjukefråværet dei siste månadane er høgt, det skaldast eit langtidssjukefråvær, der det er laga oppfølgingsplan, og arbeidstakar er no tilbake i 40 % stilling. Det andre fråværet var akutt (korttid).

Tiltak

Det er laga oppfølgingsplan, og tiltak er sett i verk.

Legetenester (avd.) – 11,54 % hittil i år

Status

1 av 4 ansatte på legekantoret var 100 % sykemeldt i 2 uker i august. Ingen tiltak iverksatt da dette var en akutt oppstått situasjon.

Tiltak

Den ansatte er frisk og tilbake i arbeid, har ikkje behov for tilrettelegging og gjentagelse er lite sannsynlig.

Eining for livsmeistring – 20,05 % hittil i år

Barnevern – 30,88 hittil i år

Status

Barneverntenesta har pr august 2023 ikkje sjukefråvær.

NAV – 16,92 % hittil i år

Status

Sosialtenesta/NAV har eit sjukefråvær på 16 %. Årsak er langtidssjukemelding i 100 % stilling.

PPT – 25,05 % hittil i år

Status

Stabilt lite sjukefråvær, tidligare sjukefråvær er gått over på AAP

Sektor for samfunnsutvikling – 5,60 % hittil i år

Sjukefråværet for ein person virker inn på både samfunnsutvikling, teknisk drift og teknisk forvaltning og med denne personen er knytt til alle tenestemråda.

I og med det berre er ein person på tenesteområdet samfunnsutvikling får det prosentvis store utslag.

Samfunnsutvikling – 16,47 % hittil i år

Status

Sjukefråværet vert redusert og går ned frå medio august. Ikkje naudendig med tiltak.

Eining for teknisk forvaltning – 2,55 % hittil i år

Status

Me har ikkje hatt noko sjukefråvær i perioden mai til august.

Tiltak

Ingen tiltak naudsynt.

Eining for teknisk drift og reinhald – 5,01 % hittil i år

Status

Sjukefråværet for august på teknisk drift var særst lågt, og var på 0,48 %.

Denne prosenten, er knytt opp til kommunalsjef si stilling, då delar av hennar stilling er ført på vatn og avlaup.

Sektor for økonomi og organisasjon – 6,92 % hittil i år

Eining for kultur – 1,30 % hittil i år

Status

Kultureininga har generelt i hovudsak korttidsfråvær ved fysisk sjukdom. Fleire av desse fråværa er som følgje av sjukdom hos born.

Kulturskulen er mest sårbar for sjukdom, då dei er avhengige av å ta inn vikarar, for at elevane skal kunne bli fulgt opp. Sjukefråvær her, kostar dermed meir enn t.d kulturkontoret.

Når det gjeld langtidsjukdom i denne perioden, var den eine sjukemeldinga på 100%, men denne vart ikkje nytta meir enn 20 %. Dette påverkar statistikken denne mnd.

Tiltak

Eininga har fokus på trivnad i avdelinga, og både einingsleiar og avdelingsleiar er opptatt av å ta ting som kan påverka arbeidsmiljøet negativt, så tidleg som mogleg.

Sjukefråvær blir jamnleg teke opp som tema på avdelingsmøta.

I tillegg er arbeidsmiljø og sjukefråvær viktige emne under medarbeidarsamtalane.

Ved sjukemelding blir det oppretta dialog med arbeidstakar, for å leggje til rette for at arbeidstakar kan kome tilbake snart. Ofte viser det seg at arbeidstakar kan utføra ein liten del arbeid, sjølv om sjukemeldinga er 100%. Ei eventuell avtale om dette skjer sjølvst i samarbeid med den sjukemelde, og arbeidet blir tilpassa den enkelte.

Servicesenter (avd.) – 0,75 % hittil i år

Status

Servicesenteret har ikkje hatt sjukefråvær denne perioden.

Pr. aug 2023 har avdelinga kun hatt korttidsfråvær, og eit totalt sjukefråvær i 2023 på 0,75 %.

Tiltak

Tilretteleggingstiltak for tilsette vert kontinuerleg vurdert av leiar, og justert ved behov.

Avdelinga har dette som tema på personalmøte.

HR (avd.) – 32,22 % hittil i år

Status

Sjukefråværet på HR er knytt til ein tilsett med langtidsfråvær, fråværet er ikkje arbeidsrelatert. Med kun tre tilsette på avdelinga vil sjukefråværet vera høgt når ein tilsett er 100 % sjukemeldt.

Tiltak

Det er ikkje mogleg med tiltak for å få den tilsette tilbake i arbeid pr. no.

Økonomi (avd.) – 0,0 % hittil i år

Rådmannskontoret – 0,0 % hittil i år

Samnanger kommune samla sett

Sjukefråværet samla sett for Samnanger kommune er 9,53 % pr. august.

Status arbeidsmiljøundersøkinga

Som eit vedlegg til denne rapporten ligg ein statusrapport etter gjennomføringa av arbeidsmiljøundersøkinga hausten 2022. Her har einingane ført opp korleis dei har arbeidd med oppfølginga; kva tema dei har valt og kva som er status for arbeidet.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Karl Viken	Arkivkode: FE-200, TI-&14
Arkivsaksnr: 23/402	Løpenr: 23/9133
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	19.10.2023	085/2023

Finansrapportering 2. tertial 2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Finansrapportering for 2.tertial 2023 vert tatt til orientering.

Dokument som ikkje er vedlagt:

Reglement for finans- og gjeldsforvaltning for Samnanger kommune.
Økonomireglement Samnanger kommune

Saksopplysningar:

I samsvar med reglement for finans- og gjeldsforvaltning vert det lagt fram ein rapport som viser status for forvaltning av ledig kapital, aksjar og oversikt over lån og låneopptak. Gjeldande reglement vart vedtatt av Kommunestyret 8.desember 2022.

Innskot:

På særvillekårskonto har kommunen inngått avtale om 3 md Nibor – 0,05 %, for tida 4,95 %. På innskotskontoen er det inngått avtale om 3 md. Nibor + 0,2 %.

Sparebanken Vest

- Brukskonto, rente pt. 1,1 %
- Driftskonto, rente pt. 2,1 %
- Skattetrekkskonto pt. 2,1 %
- Fondskonto, rente pt. 4,7 %,

Saldo pr. august på fondskontoen var sær låg grunna større utbetalningar i august, og opptente renter var på 0,84 mill. kr.

- Innskot SPV, rente pt 4,95 %

DnB

- Bedriftskonto rente pt. 4,25 %.

Fond

- Samnanger kommune har delar i Pengemarknadsfondet "Pluss-fondet" som vert tilbydt frå Fondsforvaltning. Fondet har hatt ein avkastning på 3 % siste 12 md. Saldo pr august er på 0,3 mill. kr.
- Totalt er det 26,7 mill. kr disponibelt på konti og kommunen har god likviditet. Nedgangen i likviditet frå 1 tertial 2023 til 2. tertial 2023 skuldast sær store utbetalingar i august. Det vart mellom anna utført ein stor premieinnbetaling på pensjonsområdet til KLP.
- Jf. finansreglementet skal 90 % av ledig driftskapital plassert på ein slik måte at avkastninga minimum skal vere lik 3 md. Nibor minus 0,05 %, dvs. tilsvarende rentevilkåra på særsvilkårskonto. 39 % av kapitalen var plassert med avkastning som er over kravet (Særsvilkårskonto i SPV). Det vil seia at på tidspunkt for rapportering var ein ikkje i tråd med finansreglementet når det gjeld plassering. 61 % av ledig kapital plassert med rentevilkår som var under kravet. Dette kjem og av dei store utbetalingane i august som er nemnt over. I perioden etter, gjennom september, har ein vore innanfor kravet.

	31.12.2022		30.04.2023		30.08.2023	
	MNOK	%	MNOK	%	MNOK	%
Innskot i SPV (driftskonto)	6,20	11 %	7,90	15 %	15,60	58 %
Innskot i DNB	1,35	2 %	1,60	3 %	0,50	2 %
Innskot i SPV (særsvilkår og innskot)	50,65	87 %	44,55	82 %	10,30	39 %
Pengemarknadsfond:						
Pluss – fondene	0,28	0 %	0,28	1 %	0,28	1 %
Samla kortsiktig likviditet	58,48	100 %	54,33	100 %	26,68	100 %
	MNOK	Gevinst / Tap	MNOK	Gevinst / Tap	MNOK	Gevinst / Tap
Aksjefond	-	-	-	-	-	-
Aksjar:	-	-	-	-	-	-
Tidsinnskot	-	-	-	-	-	-

Lån- og rentevilkår

- Det er i budsjettvedtak for 2023 vedtatt å ta opp eitt lån: eit på 13 mill. kr til investering i vatn, avløp, bygg og veg. Kommunen tok opp eit lån i slutten av august på 13 mill. kr. Låneopptaket vil verta større enn dette grunna store overskridingar på investeringsbudsjettet. Ein vil vente til desember, før ein gjer ei vurdering på kva endeleg låneopptak i 2023 vert.
- Rentene har gått opp fram til no i 2023. Og renta var på lån pr. 30.04.2023 5,1 % i KLP og 5,0 % i Kommunalbanken. I Husbanken er renta på 3,3 %. Det har kome ein renteauke i september, og det kan kome ein til renteauke på slutten av 2023. I budsjettet vart det lagt inn ei rente som skal ta høgde for renteauken frå 2022 til 2023. Pr august 2023 var det ikkje vesentlege avvik mot budsjett. Kommunen har 43 % av lånegjelda (125,6 mill. kr) med pt rente (flytande rente). 1 % renteauke gir auka rentekostnad på kr 1,25 mill. kr pr år.

Under er ein tabell som syner fordelinga av type lån mellom fast og flytande rente, og rentevilkåra pr. 30.08.2023.

	31.12.2021		31.12.2022		30.04.2023		30.08.2023	
	MNOK	%	MNOK	%	MNOK	%	MNOK	%
Lån med pt rente	98,12	38 %	114,8	44 %	113,6	44 %	125,6	43 %
Lån med NIBOR basert rente								
Lån med fast rente	157,04	62 %	143,2	56 %	142,5	56 %	140,3	53 %
Finansielle leasing								
Samla langsiktig gjeld	255,16	100 %	258,0	100 %	256,1	100 %	265,9	100 %
Tal løpende enkeltlån	23		23		23		24	
Største enkeltlån	55 mil. kr		54 mil. kr		53 mil. kr		52,6 mil. kr	
Rentevilkår:								
Kommunalbanken - flytande	1,54 %		3,40 %		4,30 %		5,0 %	
Kommunalbanken - fast	2,11 - 2,43 %		2,25 - 2,43 %		2,13 - 2,43 %		2,13 - 2,43 %	
KLP - flytande	1,55 %		3,40 %		4,35 %		5,1 %	
KLP - fast	1,38 - 1,77 %		1,38 - 1,77 %		1,38 - 1,77 %		1,38 - 1,77 %	
Husbanken - flytande	0,72 %		2,35 %		2,90 %		3,3 %	
Husbanken - fast	2,40 %		2,40 %		2,40 %		2,4 %	



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FA-Q12
Arkivsaksnr: 19/280	Løpenr: 23/9602
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	05.10.2023	061/2023
Kommunestyret	19.10.2023	086/2023

Høyring av konseptvalutgreiing E134 arm til Bergen

05.10.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Framlegg til uttale (frå MDG), foreslått av Øyvind Strømmen, Miljøpartiet Dei Grøne:

1. Samnanger kommune er nøgde med konklusjonane og tilrådingane i «KVU E134 - arm til Bergen» og ser fram til vidare arbeid og tett samarbeid med Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune. Kommunen konstaterer at konsept 1 kjem godt ut når det gjeld ikkje prissette konsekvensar, inklusive moglegheit til å unngå og redusere miljøskade, og også når det gjeld moglegheita til trinnvis utbygging.

2. Samnanger kommunestyre gjev støtte til prinsippet om å nytta pågåande prosjekt og gjenbruk av eksisterande veg i det vidare arbeidet.

3. Samnanger kommunestyre ynskjer at politisk og administrativ leiing i Samnanger kommune vert tidleg involvert i det vidare arbeidet med E-134, arm til Bergen.

4. Samnanger kommunestyre ber om at lokale tema for Samnanger vert ein viktig del av dei regionale og nasjonale vurderingane i det vidare arbeidet. Det inkluderer mellom anna tunnelloysingar under Kvamskogen, men også kva konsekvensar auka gjennomgangstrafikk gjennom Samnanger vil ha for trafikktryggleik og nærmiljø, og kva avhjelpande tiltak som kan treffast.

Framlegg til Uttale, foreslått av Odd Arne Haga, Framstegspartiet:

Samnanger kommune går i mot bompengefinansiering av E134 arm til Bergen.

Handsaming:

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram framlegg til vedtak.

Odd Arne Haga (Frp) sette fram framlegg til eit tilleggspunkt til framlegget til Øyvind Strømmen.

Det vart først røysta over framlegget til Øyvind Strømmen. Framlegget vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over tilleggsframlegget til Odd Arne Haga. Seks røysta for og tre imot framlegget.

For	Imot
Øyvind Røen (Sp)	Martin Haugen (Bl)
Lena Tveit (Bl)	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	Øyvind Strømmen (MDG)
Gunn Totland Moss (KrF)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Jon Magne Bøgevik (Ap)	

FORM- 061/2023 Vedtak:

1. Samnanger kommune er nøgde med konklusjonane og tilrådingane i «KVU E134 - arm til Bergen» og ser fram til vidare arbeid og tett samarbeid med Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune. Kommunen konstaterer at konsept 1 kjem godt ut når det gjeld ikkje prissette konsekvensar, inklusive moglegheit til å unngå og redusere miljøskade, og også når det gjeld moglegheita til trinnvis utbygging.
2. Samnanger kommunestyre gjev støtte til prinsippet om å nytta pågåande prosjekt og gjenbruk av eksisterande veg i det vidare arbeidet.
3. Samnanger kommunestyre ynskjer at politisk og administrativ leiing i Samnanger kommune vert tidleg involvert i det vidare arbeidet med E-134, arm til Bergen.
4. Samnanger kommunestyre ber om at lokale tema for Samnanger vert ein viktig del av dei regionale og nasjonale vurderingane i det vidare arbeidet. Det inkluderer mellom anna tunnelloysingar under Kvamskogen, men også kva konsekvensar auka gjennomgangstrafikk gjennom Samnanger vil ha for trafikktryggleik og nærmiljø, og kva avhjelpande tiltak som kan treffast.
5. Samnanger kommune går i mot bompengefinansiering av E134 arm til Bergen.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka blir lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

Dokument som ikkje er vedlagt:

- Høyringsdokumenta på Statens vegvesen sine nettsider (<https://www.vegvesen.no/vegprosjekter/prosjekt/kvue134armtilbergen/>)

Oppsummering:

Statens vegvesen har på oppdrag frå Samferdselsdepartementet utarbeida ei konsepvalutgreiing (KVU) for Europaveg 134 (E134) arm til Bergen. E134 (Haukelivegen) går mellom Karmøy i Rogaland og Frogn i Viken. Utgreiinga analyserer ulike løysingar for eit meir effektivt vegsamband mellom E134 og Bergensområdet. På oppdrag frå Samferdselsdepartementet har Statens vegvesen no sendt utgreiinga på høyring til lokale og sentrale myndigheiter, mellom anna Samnanger kommune, samt andre interessentar. Høyringsfristen er 31.12.2023. Samnanger kommune har høve til å gje høyringsuttale i saka.

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka:

Statens vegvesen starta hausten 2021 opp arbeidet med å greia ut arm frå dagens E134 til Bergen. Samfunnsålet for utgreiinga er at vegprosjektet «KVU 134 arm til Bergen» skal gje eit meir effektivt vegsamband mellom Bergensområdet og Austlandet via E134. Statens vegvesen si utgreiing (rapport og tilråding) vart lagt fram i august 2023, og sendt ut på høyring i slutten av august. Utgreiinga (rapporten) skal også gjennom ei ekstern kvalitetssikring (KS1). Utgreiinga (rapporten), KS1 og høyringsinnspel skal til saman danna grunnlaget for regjeringa si avgjerd.

Faktagrunnlag, problemskildring og moglege løysingar:

Det er kommunestyret som har mynde til å vedta ein eventuell høyringsuttale frå Samnanger kommune i denne saka.

Alle dokumenta i høyrings-saka er lagt ut på Statens vegvesen sine nettsider, på følgjande lenke:

- <https://www.vegvesen.no/vegprosjekter/prosjekt/kvue134armtilbergen/>

Direktelenke til hovudrapporten i KVUen er:

- <https://www.vegvesen.no/contentassets/121b78270fd3432abc032131b73591b5/kvu-e134-arm-til-bergen-kvu-rapport-07-08-2023.pdf>

Ei konseptvalutgreiing (KVU) er ei fagleg utgreiing av alternative måtar å løysa eit behov på. For statlege prosjekt med antatt kostnad på over 1 milliard kroner skal det gjennomførast ei konseptvalutgreiing før det blir bestemt om prosjektet skal setjast i gang.

I KVUen om E134 arm til Bergen greier Statens vegvesen ut ulike alternativ for tilknytting av Bergensområdet til E134 ved Jøsendal i Ullensvang kommune. Målsettinga er å finna nytte og kostnader ved etablering av ein slik diagonal frå Bergensområdet til det sentrale Austlandsområdet.

Seks ulike konsept (alternativ) er undersøkt og vurdert, i tillegg til det såkalla 0-konseptet som består av dagens vegnett frå Bergen sentrum til Jøsendal. Nedanfor følgjer ei kort beskriving av dei seks konseptane som er undersøkt og vurdert. Beskrivinga er henta frå side 37 i hovudrapporten i KVUen.

- **Konsept 1:** Jøsendal – Odda – Jondal – påkopling E16 ved Trengereid.
- **Konsept 2:** Som konsept 1 til Jondal. Vidare til Eikelandsosen og påkopling til ny E39 i Os (Endelausmarka).
- **Konsept 3:** Direkte frå Jøsendal til Ænes. Over Varaldsøy til Eikelandsosen og påkopling til ny E139 i Os (Endelausmarka).
- **Konsept 4:**
 - 4a:** Dagens E134 Jøsendal til Markhus, kryssing av Åkrafjorden, veg til Sunde og bru til E39 på Tysnes via Huglo (føreset Hordfast bygd).
 - 4b:** Variant av 4a der brukryssinga er lagt litt lenger vest, ved dagens fergestrekning ved Skånevik. (Føreset Hordfast bygd).
- **Konsept 5:** Dagens E134 frå Jøsendal til Ølensvåg. Veg til Årvik, bru over Ålfjorden og koplar seg til E39 nord i Sveio. (Føreset Hordfast bygd).
- **Konsept 6:** Konseptet følgjer konsept 1 frå Jøsendal til Mauranger. Deretter følgjer det Maurangerfjorden ut til Ænes, der ein kryssar Hardangerfjorden i same trasé som konsept 3. Frå Varaldsøy går konseptet vestover via Gjermundshamn, over Lukksundet og til kryss med framtidig E39 ved Uskedal på Tysnes. (Føreset Hordfast bygd).


Kopi av kartskisse over alle konseptane følgjer nedanfor i dette dokumentet. Statens vegvesen har også utarbeidd eit eige vedlegg med detaljert informasjon om alle konseptane, sjå

<https://www.vegvesen.no/contentassets/121b78270fd3432abc032131b73591b5/konsept--->

Dei ulike konseptane er beskrivne, undersøkte og vurderte i hovudrapporten. I kapittel 13 i rapporten konkluderer Statens vegvesen med at dei vil tilrå bygging av konsept 1, med trinnvis utbygging. Skjermdump frå punkt 13.1.4 med tilrådinga følger nedanfor.

13.1.4 Tilråding av konsept

Etter ei samla vurdering tilrår vi bygging av konsept 1. Konseptet har gode moglegheiter for etappevis utbygging. Berekningane i kap. 10.2.1. viser at det er mogleg å oppnå store delar av den totale nytten gjennom utbygging i byggetrinn. Dersom det ikkje kjem nye krav til t.d. tunnelar, meiner vi at ein gjennom byggetrinn kan finne ei løysing som vil vere god nok i planleggingshorisonten for denne KVUen (40 år).



Figur 25: Skisse av alle konsept

Uttalar frå andre:

Rådmannen har ikkje henta inn uttalar frå andre i arbeidet med denne saka.

Vurderingar og konsekvensar:

Av dei konseptane som er vurderte (i tillegg til 0-konseptet), er det berre det tilrådde konsept 1 som går gjennom Samnanger. Konsept 1 ser i utgangspunktet ikkje ut til å innebera store vegprosjekt i Samnanger, med unntak av Tokagjeltunnelen (som vil innebera vegbygging også i Eikedalen). I tillegg vil det truleg kunne bli punkt-/strekningsvis utbetring på vegstrekninga mellom Eikedalen og Aldalen. Ved ei eventuell full utbygging av konsept 1 er det også skissert ny veg på strekninga Aldalen – Trengereid, men det vil truleg ikkje bli lagt opp til ei slik full utbygging.

Dersom konsept 1 blir valt og bygd ut, vil dette på sikt truleg gje kortare reisetid med bil mellom Samnanger og Hardanger, og mellom Samnanger og Austlandet via Haukeli. Det er også sannsynleg at det kan bli utbetringar på fylkesveg 49 gjennom Samnanger. Det vil på sikt truleg også bli auka gjennomgangstrafikk i Samnanger, noko som kan ha både positive og negative konsekvensar.

Konklusjon:

Rådmannen si vurdering er at det vil vera naturleg at Samnanger kommune v/kommunestyret gir høyringsuttale i denne saka. Rådmannen vel å ikkje gje tilråding i saka.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Reidun Marie Lillebø	Arkivkode: FE-231
Arkivsaksnr: 18/1050	Løpenr: 23/9232
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	05.10.2023	062/2023
Kommunestyret	19.10.2023	087/2023

Vedtak av renovasjonsgebyr 2024

05.10.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Under handsaminga stilte Jon Magne Bogevik (Ap) nokre spørsmål om innhaldet i saksdokumenta. Rådmann Ove Sæbø orienterte om at administrasjonen vil kunne gje svar på desse spørsmåla i kommunestyret 19.10.2023.

Framlegget til rådmannen vart samrøystes vedteke.

FORM- 062/2023 Vedtak:

Samnanger kommune vedtek at BIR AS får delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret på vegner av kommunen, jfr § 2-2 i Forskrift om handtering av hushaldsavfall, Samnanger kommune. Avfallsgebyret tilhøyrer Samnanger kommune.

2. Prisen på renovasjonstenesta for 2024 vert sett opp med 5 %, med unntak av eigenandelen for levering til gjenvinningsstasjonane og einskilde tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert haldne uendra.

Samnanger kommune vedtek avfallsgebyr i tråd med følgjande vedlegg:

Rammebudsjett for lovpålagt renovasjon i BIR 2024

Prismatrise Samnanger Kommune 2024

Sak 36-23 Implementering av eierskap til avfallsinfrastruktur. Brukerbetaling husholdning

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Samnanger kommune vedtek at BIR AS får delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret på vegner av kommunen, jfr § 2-2 i Forskrift om handtering av hushaldsavfall,

Samnanger kommune. Avfallsgebyret tilhører Samnanger kommune.

2. Prisen på renovasjonstenesta for 2024 vert sett opp med 5 %, med unnatak av eigenandelen for levering til gjenvinningsstasjonane og einskilde tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert haldne uendra.

Samnanger kommune vedtek avfallsgebyr i tråd med følgjande vedlegg:

Rammebudsjett for lovpålagt renovasjon i BIR 2024

Prismatrise Samnanger Kommune 2024

Sak 36-23 Implementering av eierskap til avfallsinfrastruktur. Brukerbetaling husholdning

Dokument som er vedlagt:

Sak 36-23 Implementering av eierskap til avfallsinfrastruktur. Brukerbetaling husholdning -

Vedtakssak.docx.PDF

Prismatrise_Samnanger_2024.PDF

Rammebudsjett for lovpålagt renovasjon i BIR 2024 (1).PDF

Renovasjonsgebyr Samnanger kommune 2024

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka:

Kvart år skal eigarkommunane i BIR vedta nye renovasjonsgebyr for komande år, og gje delegert fullmakt til BIR om fakturering og innkreving av avfallsgebyr for privathushald. Gebyrregulativ for 2024 som er utarbeidd av BIR er vedlagt.

Fakta grunnlag, problemskildring og moglege løysingar:

Med bakgrunn i at BIR skal ha lik pris på lik teneste er det viktig at alle eigarkommunane vedtek like prisar. Det er også ein føresetnad at kommunen sine vedtak omfattar samtlege tenester som skal tilbydast av BIR med samanfallande prisliste. Prisen på renovasjonstenesta for 2024 vert føreslått sett opp med 5 %. For 2023 vart prisen sett ned med 1 %.

Vurderingar og konsekvensar:

Renovasjon grunnpris inkluderer ei tømning eller fem lukeåpningar pr mnd. av restavfall, papir og plast kvar 4 veke. Tømningar av restavfall utover dette blir fakturert etterskotsvis. Det er rekna inntil 140 liter restavfall per bueining. Dersom kundar ønskjer høgare volum, betalast "Renovasjon grunnpris - ekstra volum". Dersom det er fleire kundar enn berekna per behaldar/container, betalast éin "renovasjon grunnpris" per bueining.

Nedanfor visast grunnpris pr bueining og fritidsbustad og kostnad i 2023 og framlegg for 2024.

Grunnpris	Pris 2023	Framlegg 2024	Endring beløp	Endring %	Merknad
Renovasjon grunnpris	Kr 2526,59	Kr 2652,92	Kr 126,33	5%	Per bueining
Grunnpris ekstra volum	Kr 2298,68	Kr 2413,62	Kr 114,94	5%	Per 140 L
Fritidsbustad	Kr 2852,30	Kr 2994,92	Kr 142,62	5%	Kat 1
Fritidsbustad	Kr 1426,16	Kr 1497,47	Kr 71,31	5%	Kat 2: 50 % av kat 1

Ei komplett oversikt over renovasjonsgebyra, «Pristabell 2024», ligg vedlagt, og me rår til at denne vert vedteken.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Joachim Mathisen	Arkivkode: FA-U01
Arkivsaksnr: 18/1086	Løpenr: 23/10188
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	19.10.2023	088/2023

Eventuell etablering av drivstoffanlegg ved Tyssekaien

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vedtek å avslutte vidare arbeid med planar for etablering av drivstoffanlegg på Tyssekaien.

Oppsummering:

Administrasjonen har på bakgrunn av bestilling frå kommunestyret utgreidd ei sak om eventuell realisering av eit drivstoffanlegg ved Tyssekaien. Eit slikt anlegg vil i hovudsak vera eit tilbod til fritidsbåtar. Det vil truleg ikkje vera realistisk å etablere eller driva anlegget utan kommunal finansiering. På bakgrunn av at det vil vera høge kostnader både til etablering og drift, samt at det er relativt liten båttrafikk i området, er rådmannen si vurdering at kommunen ikkje bør finansiera etablering eller drift av eit drivstoffanlegg ved Tyssekaien.

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret vedtok 07.04.2022 at det skal leggjast fram ei sak for kommunestyret om plan for realisering av eit eventuelt drivstoffanlegg ved Tyssekaien. Saka skulle opprinneleg leggjast fram i april 2023, men denne fristen har vorte utsett to gongar (gjennom vedtak i kommunestyret 15.09.2023 og formannskapet 30.03.2023). Det går fram av kommunestyret sitt vedtak av 07.04.2022 at saka om drivstoffanlegg skal sjåast i lys av korleis det går med drift av den nye butikken på Tyssekaien. Vidare vedtok kommunestyret 15.09.2022 ei presisering om at det skal vurderast minst to alternativ for etablering av drivstoffanlegg ved Tyssekaien.

Den nye daglegvarebutikken på Tyssekaien (Tysse Landhandel AS) opna i juni 2023, og har no vore i drift i nokre månader.

Det finst i dag ikkje noko drivstoffanlegg for båtar i Samnangerfjorden. Best-stasjonen på Bjørkheim er den einaste staden i Samnanger som sel drivstoff. Det nærmaste drivstoffanlegget for båtar ligg på Osøyro.

Saksopplysningar

Administrasjonen har i arbeidet med saka sett på tre ulike løysingar for drivstoffanlegg:

Alternativ 1:

Flytande drivstoffanlegg i ei betongbrygge. Denne typen anlegg er sterke (robuste) og gir ein god infrastruktur for fylling til båtar (diesel og bensin). Det er nyleg (i 2020) etablert eit slikt anlegg ved gjestehamna i Norheimsund, der flytebrygga er ein bølgebrytar med lengde på 20 meter, breidde på 6 meter og djupn på 1,6 meter. Bølgebrytaren har innlemma tank, og alt utstyr med dispenser, pumper og elektro er plassert på sjølve brygga. Som følgje av at alt er samla på brygga er det ein sikker installasjon, der det ikkje er røyrføringar frå land brygga. Anlegget kan relativt enkelt flyttast til ein annan lokasjon ved behov. Administrasjonen har vore i kontakt med ein leverandør av denne typen anlegg. Estimert kostnad for eit tilsvarande anlegg ved Tyssekaien er om lag 3,125 millionar kroner utan frakt, og om lag 5 millionar kroner for eit ferdig installert anlegg. Følgjande kostnader er haldne utanfor dette kostnadsestimatet:

- lokal el.tilkopling
- avgifter for søknader til kommunen (inkl. lokalt brannvesen) for byggetiltaket.

Bokført investeringskostnad for anlegget i Norheimsund i 2020 var om lag 2,449 millionar kroner, pluss dugnad gjennom eigeninnsats.

Alternativ 2:

Landbasert løysing med lagring av drivstoff. Dette er ei løysing med ein konstruksjon i stål, med firkanta tankar med valfri inndeling for gunstig utnytting av volum. Ytterveggane er heilsveisa plater og fungerer som full oppsamling av tankane sitt volum. Med eit heilsveisa tak er dette ein sterk konstruksjon, med eit vedlikehaldsfritt tankanlegg med lang levetid. Pumpeplattform med integreert betalingsterminal beskyttar utstyr, dispenserar og pumper på ein god måte. Anlegget kan lagra bensin, diesel, biodiesel og AdBlue. I tom tilstand kan anlegget flyttast med kranløft. Estimert kostnad for eit slikt anlegg ved Tyssekaien vil vera om lag 2 millionar kroner. Følgjande kostnader er haldne utanfor dette kostnadsestimatet:

- montering, moring og forankring
- lokal el.tilkopling
- frakt
- tilkopling, igangkøying og opplæring på betalingssystem og dispenserar
- avgifter for søknader til kommunen (inkl. lokalt brannvesen) for byggetiltaket
- reguleringsplan

Alternativ 3:

Landbasert løysing for medlemmer. Dette er ei løysing med ein drivstofftank i plastmateriale som kan halda inn til 9 999 liter drivstoff. Ei pumpe tilsvarande det ein finn på bensinstasjonar, der brukaren registrerer seg med ei RFID-brikke – tilsvarande det som i dag blir nytta på ladestasjonar for elbilar. Betaling skjer gjennom brukaren sin konto, som er knytt opp mot RFID-brikka. Anlegget kan betena 120 unike brukarar, men har inga løysing for betening av gjester. Estimert kostnad for eit slikt anlegg vil vera om lag 160 000 kroner. Følgjande kostnader er haldne utanfor dette kostnadsestimatet:

- montering
- lokal el.tilkopling
- frakt
- tilkopling, igangkøying og opplæring på systemet
- avgifter for søknader til kommunen (inkl. lokalt brannvesen) for byggetiltaket
- reguleringsplan

Uttalar frå andre:

Bergen brannvesen:

«Dersom tiltaket blir innvilget og anlegget etableres, kan brannvesenet velge å føre tilsyn. Vi vil i så fall undersøke om risikovurderingen omfatter forholdene som er beskrevet i temaveiledningens avsnitt *Risiko og risikovurdering (§ 14)*. Der står det at en i risikovurderingen må ta hensyn til følgende:

- Hvordan vil anlegget kunne påvirke omgivelsene og 3. person ved ulike typer ulykkesscenarier, for eksempel ved brann, eksplosjon og utslipp?
- Hvilke komponenter/deler av/aktiviteter på anlegget kan initiere starten på en uønsket hendelse, og hvilke årsakskjeder kan føre til en større ulykke?
- Hvilken innvirkning vil omgivelsene kunne ha på anlegget?
- Muligheter for ras, flom, høyvann, vindbelastning etc., også som følge av fremtidige klimaendringer og fare for ekstremvær. Jf. nettportalen «klimatilpasning.no».
- Grunnforhold
- Jordskjelv
- Sabotasje
- Plassering av anlegget i forhold til annen bebyggelse i nærområdet.
- Befolkningstetthet
- Sikkerhetsavstander skal fastsettes ut ifra uønskede hendelser, slik som utslipp og antennelse av brannfarlig stoff.
- Annen aktivitet i området.
- Hvilke driftsmessige tilstander vil gjelde for anlegget (for eksempel tekniske, miljømessige og organisatoriske).
- Eventuelle avgrensninger som er lagt til grunn.
- De aktuelle stoffenes egenskaper.
- Minimumsavstander til tennkilder og brennbart opplag.
- Fysiske innretninger for å hindre påkjørsel på fylleanlegget, i forbindelse med trafikk på området og snøbrøyting, må vurderes.
- Vurdere muligheten for gassdannelse i lavpunkter, herunder kjeller, smøregrav o.l.
- Anlegg der brannfarlig eller trykksatt stoff håndteres skal ha bærende konstruksjoner som er dimensjonert og utformet slik at eskalering av uhell unngås, og for at personell kan evakueres og eventuelle redningsaksjoner utføres på en sikker måte.
- Ved dimensjonering av bygning skal det tas hensyn til plassering av rom for brannfarlig eller trykksatt stoff i forhold til øvrige aktiviteter i bygningen.
- Plassering av anlegg i forhold til rømningsveier.
- Krav til trykkavlastningsflater.
- Drenerings- og oppsamlingsmulighet for eventuell lekkasje.
- Fare for lynnedslag.
- Kan brensel transporteres og påfylles på en sikker måte?
- Sikkerhetsavstander rundt losseslange for tankbåt eller tankkjøretøy ved omfylling. Utstrekning av sikkerhetsavstander kan reduseres ved administrative tiltak, for eksempel utarbeiding av prosedyre som medfører avsperring, bruk av sikkerhetsvakt, begrensninger mht. tid på døgnet etc.
- Områdeklassifisering rundt drivstoffpumper.
- Drenerings- og oppsamlingsmulighet for eventuell lekkasje.
- Spesielle krav til marinaer, jf. pkt. 15.3.
- Fremkommelighet og angrepsveier for brann- og redningsvesenet. Normalt skal et anlegg kunne dekkes fra to sider, og det skal være mulig å kjøle utstyret med manuelt slokkeutstyr fra sikker plass.
- Omfang og type brannbeskyttelse av bærende konstruksjoner i forbindelse med utstyr, rørgate og rom/bygning hvor det håndteres farlig stoff.
- Omfanget av brannbeskyttelse av kritiske ventiler og utstyr, som skal være i operasjon i tilfelle en ulykkeshendelse, må også vurderes.
- Slokkevannskapasitet må avklares.
- Nærhet til brannkum

- Stasjonære slokkeanlegg
- Stasjonære LPG-beholdere over grunn bør vurderes å ha fast overrislingsanlegg for hele tankoverflaten, med kapasitet etter anerkjent standard, og med utløsning fra sikker plass. Brannisolasjon kan i visse tilfeller erstatte overrislingsanlegg.
- Manuelt slokkeutstyr
- Anleggets behov for brannvann og skumvæske.
- Brannvarslingsanlegg, eventuelt med direkte varsling til brannvesenet.
- Intern og ekstern beredskap
- Gassdetekterings-, alarmerings- og nedstengningsanlegg.
- Verne- og førstehjelpsutstyr
- Redningsutstyr og oljevernutstyr
- Nødvendig tilgjengelighet for drift, vedlikehold og kontroll.
- Krav som fremkommer av forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn. Forskriften gjelder for alle typer brannobjekt, men med særlige krav for særskilte brannobjekt.
- Oppstillingsplass for tankkjøretøy under omfylling, og for kjøretøy som skal tanke.
- Kan fremtidige forandringer av arealet rundt anlegget påvirke noen av de ovennevnte punktene? (dvs. framtidig arealdisponering)
- Vurdere sårbarhet av konsekvensreducerende tiltak (vurdere tiltakenes evne til å fungere), for eksempel pålitelighet over tid (aldring), aktive eller passive tiltak og avhengighet mellom ulike tiltak.

Eventuell risiko som ikke håndteres med forebyggende tiltak (restrisiko) vil være eiers ansvar og må være akseptabel for eier. Brannvesenet vil kun unntaksvis overprøve en slik vurdering. Som hovedregel kun i tilfeller hvor vurderingene mangler faglig grunnlag eller hvor brannvesenet anser restrisiko å utgjøre en overhengende fare for tap av liv.»

Vurderingar og konsekvensar:

Praktiske konsekvensar: Eit drivstoffanlegg ved Tyssekaien ville ha bidrege til å løyse utfordringane knytt til tilgjenge til drivstoffylling for fritidsbåtar i Samnanger, og også medverka til auka aktivitet av fritidsbåtar i Samnangerfjorden. Det verkar likevel ikkje sannsynleg at det vil bli stor trafikk av besøkande fritidsbåtar i Samnangerfjorden dersom det blir etablert eit drivstoffanlegg ved Tyssekaien, sjølv om denne typen trafikk truleg vil auka i forhold til i dag.

For alternativet med flytande drivstoffanlegg, kan dette etablerast utan endringar i gjeldande reguleringsplan for Ytre-Tysse. For alternativet med etablering av landbasert drivstoffanlegg, vil det vera nødvendig med ein ny reguleringsplan. Kostnadene ved dette, inkludert risikovurdering, er estimert til ein stad mellom 1 og 1,5 millionar kroner.

Finansiering: Det er lite sannsynleg at private aktørar vil kunne finansiera etablering og drift av eit eventuelt drivstoffanlegg ved Tyssekaien. Administrasjonen har heller ikkje fått signal om at det finst private aktørar som ønskjer å etablere eit slik anlegg. Dersom det skal etablerast og drivast eit slikt anlegg, vil dette truleg måtte skje med kommunal finansiering. Behovet for dette tiltaket (drivstoffanlegg for båtar) må derfor sjåast opp mot andre kommunale behov og moglege tiltak.

Moglege tilskotsordningar: Det finst ulike tilskotsordningar tilgjengeleg for prosjekt som omhandlar etablering av drivstoffanlegg, og felles for dei ulike tilskotsordningane er at dei dekkjer inntil 50% av etableringskostnadene.

Høge kostnader og begrensa aktivitet: Ei vesentleg utfordring er dei betydelege kostnadene knytt til etablering av drivstoffanlegg. Kostnadene vil vera store uansett kva løysing som blir valt. Samstundes er det begrensa aktivitet i området knytt til fritidsbåtar og annan båttrafikk. I Samnanger kommune

er det registrert 318 fritidsbåtar, som tilsvarar at 12,78% av befolkninga eig ein fritidsbåt (2022). Det er registrert rundt 50 000 fritidsbåtar (2022) i omlandskommunane, med gjennomsnittleg storleik (lengde) på 5,9 meter.

Økonomisk berekraft: Hovudårsaka til at eit drivstoffanlegg ved Tyssekaien ikkje er å tilrå, er den høge kostnaden sett i forhold til den begrensa aktiviteten knytt til fritidsbåtar. Sjølv om fritidsbåttrafikken i Samnangerfjorden truleg vil auka dersom det blir etablert eit drivstoffanlegg ved Tyssekaien, vil det likevel vera ein høg kostnad pr. brukar av anlegget. Pris på bensin og diesel til sluttbrukar den 28.09.2023 var pr liter høvesvis for diesel og bensin 17,49 og 23,99 kroner, medan innkjøpspris var på 13,08 og 17,30 kroner. Om ein reknar inn rabattkort, vil ein ha ei fortjeneste på 0,34 og 1,56 kroner pr liter. Dette tilsvarer for ein full tank (200 000 liter i tankanlegget), ei fortjeneste på 68 000 kroner for diesel og 312 000 kroner for bensin. Dette skal dekkja alle kostnader knytt til anlegget.

Regulering og branntryggleik: Etablering av eit drivstoffanlegg vil også krevja løyve frå kommunen (inkludert brannvesenet). Administrasjonen har fått ein uttale frå brannvesenet i saka. Dei peikar på ei rekkje krav som må imøtekomast før og etter bygging av eit eventuelt drivstoffanlegg. Dokumentasjon som må utarbeidast i samband med prosjektering av anlegg, blir vist til del 8.1.1 *Prosjektering av drivstoffanlegg* i Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) si temarettleiing om omtapping av farleg stoff.

Konklusjon:

Kostnadene for eit drivstoffanlegg ved Tyssekaien vil vera høge, og vil truleg i hovudsak måtte finansierast av Samnanger kommune. Sjølv om eit drivstoffanlegg vil ha fleire positive konsekvensar, er rådmannen si vurdering at dei økonomiske kostnadene for kommunen vil vera for store til at det kan forsvarast å etablere eit slikt anlegg med kommunal finansiering. Det er heller ikkje kome signal om at private aktørar ønskjer å etablere drivstoffanlegg for båtar i Samnanger.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ove Sæbø	Arkivkode: FA-V20, TI-&85
Arkivsaksnr: 18/1784	Løpenr: 23/9850
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	19.10.2023	089/2023

Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid mellom Bjørnafjorden kommune, Tysnes kommune og Samnanger kommune om felles interkommunalt landbrukskontor- Bjørnafjorden landbrukskontor

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune sluttar seg til revidert avtale om administrativt vertskommunesamarbeid mellom kommunane Bjørnafjorden, Tysnes og Samnanger om felles interkommunalt landbrukskontor.

Vertskommunesamarbeidet er heimla etter vertskommunemodellen i kommunelova (LOV-2018-06-22-83) §20-1 flg., irekna § 20-2 administrativt vertskommunesamarbeid og § 20-4 samarbeidsavtale.

Med heimel i kommunelova § 20-2 instruerer kommunestyret rådmannen om å delegera lovheimla oppgåver knytt til tenesteyting av landbrukskontor til kommunedirektøren i Bjørnafjorden kommune, innanfor ramma av samarbeidsavtalen.

Dokument som er vedlagt:

Samarbeidsavtale om landbrukstenester - Bjørnafjorden landbrukskontor
Fordelingsnøkkel - Bjørnafjorden landbrukskontor

Dokument som ikkje er vedlagt:

Samarbeidsavtale om landbrukstenester revidert – 2012
Delegeringsreglement for Samnanger kommune

Oppsummering:

Samnanger kommune har sidan 2013 hatt samarbeidsavtale om felles landbrukskontor med Bjørnafjorden kommune (tidlegare Os kommune) og Tysnes kommune.

I samband med endringar i kommunelova i 2018, samanslåing av Os og Fusa til Bjørnafjorden, samt behov for endringar i avtalen, sendte landbrukssjefen ut utkast til ny samarbeidsavtale i mai 2023.

Utkast vart drøfta administrativt og det føreligg no ein revidert avtale til signering. Avtalen må

godkjennast av kommunestyret. Rådmannen rår til at kommunestyret vedtek den reviderte samarbeidsavtalen, som også inneber overføring av mynde frå rådmannen i Samnanger kommune til kommunedirektøren i Bjørnafjorden kommune.

Saksopplysningar:

Samnanger kommune har sidan mars 2013 hatt interkommunalt samarbeid med Bjørnafjorden kommune (dåverande Os og Fusa kommunar) og Tysnes kommune. Samarbeidsavtalen vart overført til Bjørnafjorden kommune ved kommunesamanslåinga i 2020. I avtalen forpliktar Samnanger kommune seg til å finansiere sin del av samarbeidet.

Før 2013 hadde Samnanger kommune og Os kommune eit mindre formalisert samarbeid på landbruksområdet. Det føreligg ikkje avtaledokument i arkivet vårt for dette samarbeidet.

Føremålet med felles landbrukskontor er å sikre at samarbeidskommunane får ivaretatt lovpålagte oppgåver innan landbruksforvaltning.

Landbrukskontoret har gjennomført ei evaluering av samarbeidsavtalen som vart inngått i 2013. Som eit resultat av denne evalueringa vart fleire av punkta i avtalen revidert. Den reviderte utgåva tek omsyn til dei erfaringar landbrukskontoret har gjort seg sidan 2013. Formålet har vore å forbetre samarbeidet.

Eit interkommunalt samarbeid om landbruksforvaltninga har fleire fordelar. For det første kan ein få tilgang til eit større og meir omfattande fagmiljø samanlikna med om kvar kommune skulle ha handtert oppgåvene på eiga hand. Dette gjev betre kvalitet på tenestene som blir levert til bøndene og andre brukarar av tenestene. I tillegg kan ein oppnå kostnadsinnsparingar ved at ein deler på ressursar som fagpersonar, IT-system og administrativt personell. Dette gjev ein betre og meir effektiv tenestelevering til ein lågare kostnad. Samstundes kan eit interkommunalt samarbeid bidra til å skape ein meir heilskapleg tilnærming til landbruksforvaltninga i regionen, og det er å lettare samordne innsatsen på tvers av kommunegrensene for å oppnå felles mål og strategiar.

Eikelandssosen og Os rådhus er hovudkontor for landbrukskontoret. I tillegg stiller Tysnes og Samnanger kontor til disposisjon.

Samarbeidsavtalen er heimla i kapittel 20 i kommunelova. Felles landbrukskontor vil vere eit administrativt vertskommunesamarbeid, med Bjørnafjorden som vertskommune og Samnanger og Tysnes som samarbeidskommunar.

Økonomi

I 2022 var samla kostnad til landbrukskontoret for Samnanger kommune kr. 650 000,-. I 2021 var summen kr. 613 000,-. Med same fordelingsnøkkel framover er det ikkje ventar store endringar utover administrasjonskostnadar og prisjustering.

Fordelingsnøkkelen (kostnadar) mellom kommunane er Bjørnafjorden 56,5 %, Tysnes 30,5 % og Samnanger 13 %. Denne fordelinga har vore uendra sidan 2013.

Vertskommunen administrerer landbrukskontoret med omsyn til HR, IT, økonomi og lokal/utstyr. Det er ikkje i dag ein del av budsjettet og utgjer ein årleg kostnad på ca. kr. 300 000,- for Bjørnafjorden kommune. Dette vil bli lagt inn på eigen post i budsjettet framover.

Delegering

Det er i avtaleutkastet vist til kva lover m/ tilhøyrande forskrifter landbrukskontoret skal forvalte på vegne av samarbeidskommunane. Avgjersler vert delegert til landbrukssjefen – gjennom kommunedirektøren i Bjørnafjorden – i saker som ikkje er av prinsipiell betydning, samt andre saker som ikkje er særskilt fastsette.

I tillegg må landbrukssjefen forhalde seg til gjeldande delegeringsreglement i kvar kommune.

I gjeldande delegeringsreglement for Samnanger kommune pkt. 5.2 står følgande:

Bjørnefjorden landbrukskontor er felleskontor for Bjørnafjorden, Samnanger og Tysnes, og skal ta hand om alle kommunale tenester innan jord, skog og utmark, samt miljø saker knytt til desse fagområda. Landbrukskontoret er organisert som ei eining med eige budsjett i Bjørnafjorden kommune. For detaljert informasjon vert det vist til samarbeidsavtalen som er inngått mellom dei tre kommunane.

I pkt. 7.3 i delegeringsreglementet står følgande:

I medhald av kommunelova § 5-7, andre avsnitt, delegerer kommunestyret til naturutvalet å gjera vedtak i saker etter følgjande lover, så langt det er høve til det og så langt slik avgjerdsrett ikkje er delegert til formannskapet, rådmannen eller Bjørnefjorden landbrukskontor.

Pkt. 1.4.2 i delegeringsreglementet seier følgande:

Kommunestyret er kommunen sitt øvste organ og har overordna ansvar for heile kommunen si verksemd. Kommunestyret har avgjerdsmynde i alle saker som ikkje er delegert til politiske utval, rådmannen eller andre, med mindre særlov bestemmer noko anna. Kommunestyret kan, som kommunens øvste lovfesta organ, krevja å få seg førelagt ei kvar sak, sjå kommunelova § 22-1.

Kommunelova § 20-2 5. ledd seier følgande:

Hvis vertskommunen treffer vedtak etter delegert myndighet fra en samarbeidskommune, kan samarbeidskommunen omgjøre vedtaket etter reglene i forvaltningsloven § 35 første ledd.

Delegeringsreglementa i dei tre kommunane kan verte endra i samband med at det no kjem ein ny kommunestyreperiode. I framlegg til samarbeidsavtale er det difor ikkje spesifisert nærare utover at landbrukssjefen må forhalde seg til dei tre kommunane sine delegeringsreglement.

Rapportering

Det vart i konsultativ gruppe (tidlegare styringsgruppe) 15.09.23 beslutta at landbrukssjefen sender årsrapport til alle dei tre kommunane slik at kvar kommune v/ rådmann sjølv kan leggje denne fram for sitt kommunestyre.

I same møte vart det drøfta kva som er ein føremålstenleg veg å gå for å sikre at kommunestyra i dei tre kommunane får oversikt over kva saker (delegerte) som har blitt handsama av landbrukskontoret innafor gitt periode. Her vil det bli jobba vidare med å etablere rutinar for å sikre dette.

Vurderingar og konsekvensar:

Vurderinga til rådmannen er at Samnanger tener på eit felles landbrukskontor saman med Tysnes og Bjørnafjorden. På det viset får me tenester med utgangspunkt i eit tilstrekkeleg og godt fagmiljø. Bjørnafjorden og Tysnes vert opplevd å vere gode samarbeidskommunar for Samnanger. Rådmannen si vurdering er at kommunestyret alltid vil kunne ha kontroll gjennom tilgang til å trekkje tilbake eit delegert mynde dersom det vert naudsynt.

Konklusjon:

Samnanger kommune sluttar seg til avtale om administrativt vertskommunesamarbeid mellom Bjørnafjorden kommune, Tysnes kommune og Samnanger kommune om felles landbrukskontor.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-033, TI-&29
Arkivsaksnr: 20/25	Løpenr: 23/10133
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	19.10.2023	1

Interpellasjon

Kopi til:

Knut Harald Frøland



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-033, TI-&29
Arkivsaksnr: 20/25	Løpenr: 23/10147
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	19.10.2023	2

Interpellasjon

Dokument som er vedlagt:
2310_Interpellasjon Fv579

Kopi til:
Karl Bård Kollbotn
Knut Harald Frøland



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-033, TI-&29
Arkivsaksnr: 20/25	Løpenr: 23/9621
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	19.10.2023	3

Interpellasjon til kommunestyremøtet

Kopi til:

Knut Harald Frøland

Ove Sæbø



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-033, TI-&29
Arkivsaksnr: 20/25	Løpenr: 23/10150
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	19.10.2023	4

Interpellasjonar til kommunestyremøte 19.10.2023

Dokument som er vedlagt:

E-post - interpellasjon frå Samnanger Frp